[Vedlegg 3]

03-December-2014

1543 1949.
kfr. G.nr. 244, b.nr. 13.

Nr. 358
Utgjeve J. Risans Forlag, Bergen

# Skyldskifteforretning

År 1948 laur-dag den 3die juli heldt underskrivne menn, som er oppnemnd av lensmannen skyldskifte over garden Eidsnes indre g.nr. 69 br.nr. 5 av skyld mark 0.20 i Hosanger herad. Forretninga er kravd av Einar Blaaüw og hustru Kaia's felles bo v/Håkon Blaaüw

som har grunnbokheimel til den eigedom som er kravd skift. 1)

Ein legg ved mennsoppnemninga. Av mennene har desse gjort eiden som skjønsmenn: 2)
Alle.

Desse møtte: 3) Mikal Eidsheim, Hans Eknes og Lars Ly. Eide som skjønsmenn. Frå rekvirenten forelåg skriv, „at han anser det unödvendig selv å möte ved forretningen og heller ikke behöver være tilstede ved denne." Det var uturvande å tilkalla andre.

Mennene valde Hans Eknes til formann.

For den parten av garden som er fråskild, vart sett desse grensene: 4)
Eigedomen vart delt i to luter ved ei rett lina som går i retning frå ca. nordvest til ca. südaüst frå „Pollen" til „Mannskjelvågen".
I den störste holmen i „Pollen" (i aüstre ende av holmen) vart det hogge + i berg 3.0 m. opp frå fjöra nordanfor, der det fjörar turt ved lavvatn.
Frå denne kross går lina i südaüstleg leid 55.5 m. til + i toppen av ein stor stein, herifrå i same leid

1) Er so rekvirenten ikkje har grunnbokheimel skal forretninga ikkje tinglysast med mindre rekvirenten ved dom er tilkjend eigedomsretten til den part av eigedomen som er kravd fråskild. (Skylddelingslova § 1.)

2) Har nokon av mennene ikkje gjort sovoren eid som nemnd i lov nr. 1 av 1/6 1917 § 20, skal vedk. før forretninga tek til skriva under denne fråsegn som vert å senda sorenskrivaren saman med skylddelingsforretninga: „Eg segjer med dette frå, at eg som skjønsmann vil gjera dette yrket mitt so samvitsfullt som eg etter beste skjøn og overtyding kan. ..........den.........19.... N. N."

3) Dersom nokon part eller granne som har interesse i skyldskiftet *ikkje* møter, må det verta sagt frå i forretninga om det er prova at dei er varsla, eller forsovidt vedkjem grannane, om det er funne uturvande å varsla dei (§§ 2 og 8 i skylddelingslova).

4) Sjå §§ 3 og 8 i skylddelingslova. Grensone mot naboeigedom må ein ikkje skriva noko om, dersom eigarane av desse ikkje er tilstades og samtykkjer i det som vert skrive. Skal mennene etter krav frå partane ogso gjera skifte i marka i samband med skyldskiftet (§ 7 i lova), må det i grenseutgreidinga ogso takast med det turvande om det. Bruksrett eller servitutt må ikkje takast med i skyldskiftet, utan at heftet skriftleg er vedteke av den som har grunnbokheimel til den eigedom som heftet skal kvila på (§ 5 i lova).

22.4 m. kil + i berg, vidare i s.l. 33.3 m. kil + i berg, i s.l. vidare 57.0 m. kil + i berg, held fram i s.l. 19.0 m. kil + i berg og i s.l. vidare ut i sjøen i Mannskjelvågen.
Den luten av eigedomen som vart utskilt ligg på austsida av den nye skiftelina.

+ i
fram
sjøen
på

1. Er den eigedom, som vert skift, jordbruk med skog? Ja.

2. Fær kvart av bruka etter skiftet den skog dei treng til husbruk og gardstarvende? Nei.

3. Er den eigedom, som vert skift, jordbruk med fjellvidder, herunder medrekna fjellvatn, elvar og bekkjer? Nei

4. Fær kvart av bruka etter skiftet den turvande fjellvidd? Nei.

Dersom det vert svara ja på spursmål 1, og nei på spursmål 2, *eller* dersom det vert svara ja på spursmål 3 og nei på spursmål 4, lyt ein ogso svara på nedannemnde spursmål 5—7:

5. Har heradstyret samtykt i skyldskiftet? Nei

6. Eller finn skyldskiftemennene at det er godtgjort, at den parten som vert fråskild eigedomen vil verta nytta til oppdyrking, byggeluft, veg, industribygg eller anna liknande føremål? Nei

7. Eller vert eigedomen bytt etter § 14 i „Lov om odels- og åsætesretten av 26. juni 1821"? Nei

Me vitnar:

*a)* At det ved skiftet ikkje er skipa ny sameign. ~~Men me har likevel samtykt i at utmarka~~

~~kan nyttast ihop av~~

meddi me ikkje har funne det tenlegt å skifta meir enn som gjort er. [1])

*b)* At kvart bruk har fenge eit so høvelegt skap for freding og bruk som dei etter tilhøva kann få.

Skylda for de*n* fråskilde part*en* vart sett til 0,05 mark

Hovudbruket har att ei skuld av 0,15 mark

De*n* fråskilde part*en* er gjeve bruksnamnet[2]) Vågen

Kostnadene ved skyldskiftet og tinglesinga av det: [3])

Vil verta betalt av rekvirenten

[1]) Det som ikkje høver stryk ein.

[2]) Som bruksnamn må ein ikkje i noko høve velja eit namn som alt er i bruk som slektsnamn og som ikkje høyrer til dei meir ålgjenge (jfr. lov av 9. februar 1923 nr. 2 § 21).

[3]) Dersom det ikkje vert opplyst eller det ikkje av nokon av partane vert gjeve fråsegn om at avtala er gjord om kven som skal bera kostnadene ved skyldskiftet, skal mennene gjera vedtak om korleis kostnadene skal bytast millom partane.

Partane vart gjord kjende med at dei kann innanka skyldskiftet til overskjøn, med omsyn til storleiken av skylda og skiftet i marka og at påkrav om dette må vera gjort til sorenskrivaren innan 3 månader etter at dette skyldskiftet er tinglyst.

Me sannar at me har gjort arbeidet vårt etter beste skjøn og overtyding i samsvar med avlagd eid eller tilbod om eid.

Me har gjort vedtak om at herr Håkon Blaauw
skal syta for å senda (levera) skyldskiftet til sorenskrivaren til tinglysing.

Hans Eknes. ~~Lars O. Eide~~ Lars G. Eide.
Mikal Eidsheim.

Godteke til tinglysing 11. mai 1949.
For sorenskriveren
H.Meidell Dahler.

Tinglyst ved

244
Den fråskilde part har fenge g.nr. (69.) br.nr. 13.

1738




| | |
|---|---|
| Målte Grenser | Større bustader |
| Registrerte Grenser | Hytte/feriehus |
| Udefinert grenser | Garasje/uthus |
| Terrengmålte grense | Industri/lager |
| Konstruert grensepunkt | Andre bygg |
| Bolig | |
| Bustad m/leilighet | |
| Våningshus | |

Beliggenhet og høyder må oppfattes som orienterende.

**Lindås kommune**

Geodata avdeling

Grunnkart 2009. «Prinsipp-skisse»

Dato: 2014.11.12

Sign: SSO

G.nr. 244, b.nr. 13.

N

Målestokk 1:1000

*Nr. L. 355.*
Norsk Skjemaforlag
Bergen

4102 3 ✓

244/15

15

# Skyldskifte.

Den Iste oktbr. 1953 heldt underskrivne, som er oppnemnde av lensmannen, skyldskifte på garden Eidsnes indre

gr.nr. 69 br.nr. I3 med skyld mark 0,05 i Hosanger herad

fru Helga van Rees har kravt skyldskifte og har grunnboksheimel til eigedomen.1)

Oppnemninga av skyldskiftemennene ligg ved. Dei har gjeve skjønsmannslovnad så nær som2) ...

Desse møtte:3)

Forutan skyldskiftemennene mötte handm. Henrik Guldbrandsöy for seljaren. Eigaren av br.nr. 5 var tilsagd, men mötte ikkje.

Til formann vart vald Magnus Björge Det var uturvande å tilsegja andre.

*Grensene*4)

til den utskilde part : Lina tek til i grensa mot br.nr. 5 og gjeng i aust-nord-austleg leid 5.-m til + i kanten av ein stein. Vidare i same leid I5,25m til nedsett merkestein med vitner. Vidare i same leid 20,85m til vinkelstein m/vitner. Lina vender så og gjeng i sudaustleg leid 4I,70 m til+ i berg og vidare i same leid 2I,- m til + i berg. Lina vender så i litt sudleg leid og gjeng 26.- m. til + i berg og vidare i same leid I5,80 m. til + i berg. Lina gjeng så i litt sudaustleg leid I3,80 m. til + i berg og vidare i same leid II,25 m.

---

1) Utan at den som har kravt skyldskifte har grunnboksheimel, eller det er sagt dom for at han eig den utskilde eigedomen, kan ikkje skyldskiftet godtakast til tinglysing. (§ 1 i lov om skyldskifte.)

2) Er det nokon av skyldskiftemennene som ikkje har gjeve slik lovnad som er nemnt i § 20 i lov nr. 1 frå 1/6 1917, skal han før tenesta tek til, skriva under ei fråsegn med denne ordlyden: «Eg lovar at eg i alle saker vil gjera tenesta mi som skjønsmann samvitsfullt og etter beste overtyding. .................. den ........19.... (underskrift).» Denne fråsegna skal sendast til sorenskrivaren saman med skyldskiftedokumenta.

3) Er det nokon av grannane, eller partane i skyldskiftet som ikkje møter, må ein her skriva om det er prova at dei er varsla. Like eins om det er grannar ein har funne det uturvande å varsla (§§2 og 8 i skyldskiftelova).

4) Sjå §§ 3 og 8 i skyldskiftelova. Ein skal ikkje skriva grensene mot granneeigedom utan at eigaren er til stades og samtykkjer i det som vert skrive.
Har nokon av partane kravt at skyldskiftemennene skal avgjera sjølve markeskilet, samstundes med skyldskiftet, (§ 7 i lova), må dei her skriva det som trengst. Det må ikkje skipast bruksrett eller servitutt i skyldskiftet, utan at heftet er vedteke skriftleg av den som har grunnboksheimel til den eigedomen heftet gjeld (§ 5 i lova).

til + i berg og vidare i same leid ut i sjöen ( ca 3.-- m.)

Utanom dette er teigen avgrensa av br. 5 og av sjöen.




| | |
|---|---|
| Målte Grenser | Større bustader |
| Registrerte Grenser | Hytte/feriehus |
| Udefinert grenser | Garasje/uthus |
| Terrengmålte grense | Industri/lager |
| Konstruert grensepunkt | Andre bygg |
| Bolig | |
| Bustad m/leilighet | |
| Våningshus | |

Beliggenhet og høyder må oppfattes som orienterende.

**Lindås kommune**

Geodata avdeling

Grunnkart 2009. „Prinsipp-skisse"

Dato: 2014.11.12

Sign: SSO

G.nr. 244, b.nr. 15.

N

Målestokk 1:1000

244/16

Nr. L. 355.
Norsk Skjemaforlag
Bergen

Dagbok nr. 4103/1953 ✓

16

# Skyldskifte.

Den Iste oktbr. 1953 heldt underskrivne, som er oppnemnde av lensmannen, skyldskifte på garden Vågen av Eidsnes indre gr.nr. 69 br.nr. I3 med skyld mark 0,04 i Hosanger herad

fru Helga van Rees har kravt skyldskifte og har grunnboksheimel til eigedomen.1)

Oppnemninga av skyldskiftemennene ligg ved. Dei har gjeve skjønsmannslovnad så nær som2) ...

Desse møtte:3) Forutan skyldskiftemennene mötte handm. Henrik Guldbrandsöy for seljaren. Kjöparen mötte ikkje. Det var uturvande å tilsegja andre.

Til formann vart vald Magnus Björge

*Grensene*4)

til den utskilde parten: Lina tek til i vinkelen mot br. nr. 15 Vistvik og held fram i same leid som denne lina hev frå grensa mot br.nr. 5 og gjeng I2,5 m. til nedsett merkestein m/ vitner. Vidare i same leid 28,50 m. til + i berg, og vidare i same leid 21,40 m. til + i berg og vidare i same leid ut i sjöen (Ca 3.m) Utanom desse grensone er teigen avgrensa av br.nr. 15 Vistvik og sjöen.

---

1) Utan at den som har kravt skyldskifte har grunnboksheimel, eller det er sagt dom for at han eig den utskilde eigedomen, kan ikkje skyldskiftet godtakast til tinglysing. (§ 1 i lov om skyldskifte.)

2) Er det nokon av skyldskiftemennene som ikkje har gjeve slik lovnad som er nemnt i § 20 i lov nr. 1 frå 1/6 1917, skal han før tenesta tek til, skriva under ei fråsegn med denne ordlyden: «Eg lovar at eg i alle saker vil gjera tenesta mi som skjønsmann samvitsfullt og etter beste overtyding. .................. den ........19.... (underskrift).» Denne fråsegna skal sendast til sorenskrivaren saman med skyldskiftedokumenta.

3) Er det nokon av grannane, eller partane i skyldskiftet som ikkje møter, må ein her skriva om det er prova at dei er varsla. Like eins om det er grannar ein har funne det uturvande å varsla (§§2 og 8 i skyldskiftelova).

4) Sjå §§ 3 og 8 i skyldskiftelova. Ein skal ikkje skriva grensene mot granneeigedom utan at eigaren er til stades og samtykkjer i det som vert skrive.
Har nokon av partane kravt at skyldskiftemennene skal avgjera sjølve markeskilet, samstundes med skyldskiftet, (§ 7 i lova), må dei her skriva det som trengst. Det må ikkje skipast bruksrett eller servitutt i skyldskiftet, utan at heftet er vedteke skriftleg av den som har grunnboksheimel til den eigedomen heftet gjeld (§ 5 i lova).




Målte Grenser
Registrerte Grenser
Udefinert grenser
Terrengmålte grense
Konstruert grensepunkt
Bolig
Bustad m/leilighet
Våningshus
Større bustader
Hytte/feriehus
Garasje/uthus
Industri/lager
Andre bygg

Beliggenhet og høyder må oppfattes som orienterende.

**Lindås kommune**
Geodata avdeling

Grunnkart 2009. "Prinsipp-skisse"!

Dato: 2014.11.12
Sign: SSO

G.nr. 244, b.nr. 16.

N

Målestokk 1:1000

Nr. 860 L.a.
På lager hos
Sem & Stenersen A/S, Oslo.
10—52.

244/19

19

**Til innhefting i panteboki.**

Dagbok nr.
02655 ✓ 19.7.56
NORDHORDLAND
SORENSKRIVEREMBETE

# Skyldskifte.

Tys dag den 26de juni 19 56 heldt vi underskrivne, oppnemnde av lensmannen, skyldskifte på garden Eidsnes, indre

g.nr. 69 b.nr. I3 med skyld mark 0,03 i Hosanger

herad. Skyldskifte er kravt av Helga von Rees

som har grunnboksheimel til den eigedomen skyldskiftet gjeld[1]).

Menns-oppnemningsbrevet fylgjer. Alle mennene har gjeve skjønsmannslovnad, så nær som[2]) ..............................

Ved tenesta møtte[3]) skylddelingsmennene Ingvald A. Eknes, Håkon R. Hatland og Magnus O. Björge. Det var uturvande å tilkalla andre, då den nye teigen var oppmerka og innhegna på förehand.

Mennene valde til formann Magnus Björge

Den fråskilde luten av garden har desse

grensene: [4])

Lina tek til i krysset mot br.nr. I5 og I6 og gjeng i nordleg leid 6,75 m. til nedsett merkestein m/vitner og vidare i same leid 5,25 m. til vinkelstein m/vitner. Lina gjeng så i vestleg leid I9,70 m. til nedsett stein m/vitner, vidare i same leid I9,30 m. til nedsett stein m/ vitner og vidare 3,50 m. i same leid til ~~xxxxxxx xxxxx x/ xxxxxx~~ grensa mot br. nr. 5 . Fylgjer så denne grensa i sudleg leid 24,7 m. til krysset mot br.nr. I5 og fylgjer så denne lina i austleg leid til utgangspunktet. *Areal ca 730 m²*

[1]) Skyldskifte kan ikkje godtakast til tinglysing utan den som krev tenesta, anten har grunnboksheimel eller dom for at han eig den luten av eigedomen som han vil ha fråskilt (§ 1 i skylddelingslova).

[2]) Har nokon av mennene ikkje gjeve slik lovnad som er nemnd i § 20 i lov nr. 1 frå 1/6 1917, skal han skriva under ei utsegn med etternemnde ordlyd før tenesta tek til, og utsegna skal sendast til sorenskrivaren saman med skyldskiftet: «Eg lovar at eg i alle sakar vil gjera tenesta mi som skjønsmann samvitsfullt og etter beste overtyding. den 19 N. N.»

[3]) Om nokon av grannane eller partane skyldskiftet vedkjem, ikkje møter, må ein her opplysa om det er prova at dei har fått varsel, eller når det gjeld grannane, om det er rekna for uturvanda å varsla dei (§§ 2 og 8 i skylddelingslova).

[4]) Sjå §§ 3 og 8 i skylddelingslova. Grensene mot granne-eigedomar skal ein ikkje skriva opp når eigaren ikkje er til stades og samtykkjer i det som vert skrive. Skal mennene etter krav frå partane fastsetja sjølve markeskilet, samstundes med at dei sett i skyld (§ 7 i lova), må dei her nemna det som trengst om det og. Det må ikkje stiftast bruksrett eller servitutt i skyldskiftet utan at heftet er vedteke skriftleg av den som har grunnboksheimelen til den eigedomen heftet skal liggja på (§ 5 i lova).




| | |
|---|---|
| Målte Grenser | Våningshus |
| Registrerte Grenser | Større bustader |
| Udefinert grenser | Hytte/feriehus |
| Terrengmålte grense | Garasje/uthus |
| Konstruert grensepunkt | Industri/lager |
| Bolig | Andre bygg |
| Bustad m/leilighet | |

Beliggenhet og høyder må oppfattes som orienterende.

**Lindås kommune**
Geodata avdeling

Grunnkart 2009. „Prinsipp-skisse"!

Dato: 2014.11.12
Sign: SSO

G.nr. 244, b.nr. ~~16.~~ 19.

N

Målestokk 1:500